

Flottorp / Solberg



Heimespel

## Heimespel

Slåttemusikken me brenn for - den som er frå Agder og Telemark, har eit vidt spekter. Ein raud tråd i dei slåttane me liker, er at dei er røffe og rett på sak. I duoen vår skal slåttane få skine, og som det naturlege mellomleddet mellom slått og lyttar har me laga arrangement som tener slåttene. For slåtten er rett og slett sjefen og den som legg premissane i samspelet vårt.

Me har øvd heime, spelt inn heime, søkt etter slåttar frå heimtraktene. Derfor har plata vår fått namnet "Heimespel". Men for at musikken skal vere heime for oss, må me også innreie som me vil. Skal me bli husvarme i musikken, må me ommøblere litt, innreie etter vår stil og smak, bygge ny intro her og snekre ein ny del der. Til slutt rommar kanskje denne heimen meir enn ein trudde frå før?

## Livingroom Tunes

The tunes we burn for - those from Agder and Telemark - are wide-ranging. A common thread that runs through the tunes we like is that they are rugged and get straight to the point. In our duo, the tunes get to shine, and, as the natural link between the tune and the listener, we have made arrangements that serve the tune. For the tune is quite simply the boss and sets the premises of our interplay.

We practised at home, recorded at home, searched for tunes from our home areas. That's why the album is called 'Heimespel' ('Livingroom Tunes'). But, in order for the music to be a home for us, we have to furnish it the way we want. So as to make the music feel familiar, we must decorate it in our own style and to our own taste, build a new intro here and hammer out a new part there. In the end, maybe this home accommodates more than one would initially have thought?

## Springar etter Fredrikane

Mykje av musikkarven frå Agder er det dei reisande som står for, og Fredrikane var blant dei. Slåtten har me etter Otto Furholt.

A lot of the musical tradition from Agder comes from the travellers, and the Fredrikane were among them. This tune is in the style of Otto Furholt.

## Kivlemøyspringar

Ei fri form over springaren som er ein del av Kivlemøyane, slåtte-trilogien Johanne har i form etter Torkjell Haugerud.

This is a free version of the springar which is a part of Kivlemøyane, a tune trilogy that Johanne plays in the style of Torkjell Haugerud.

## Skorsvikjen

Denne slåtten var ein av dei første me spelte saman. Ein intens gangar med mange småmotiv som stadig utviklar seg. Som eit terrengløp med stadig nye bakketoppar og svingar. Kjelda vår her er Salve Austenå.

This was one of the first tunes we played together. An intense gangar with many small motifs that are constantly evolving. Like a trail run which constantly has new hilltops and corners. Our source here is Salve Austenå.



## Stev

Ein vene haustdage rein og klåre  
kan meir enn vårdagen gjer meg såre  
Dei bleike litin kring nutan blå  
gjev meg allstøtt mykje å tenkje på

Det æ det same här eg vil glåpe  
så hev nutan kledd seg i vinterkåpe  
Det æ som kulde og dauden rår  
men berre vent det blir etter vår



## Gudbrandsdølen

Denne godslåtten har Johanne lært av Anne Hytta. Måten bogestrøka flettar seg saman med gangargrooven gav Åsmund litt å bryne seg på, med alt det innebar av nye idear og søvnlause netter.

*Johanne learnt this tune from Anne Hytta. The way the bowstroke merges with the gangar groove gave Åsmund something to sink his teeth into, with all the new ideas and sleepless nights it entailed.*

## Slåtten hass Knut Mo

Denne slåtten oppsummerer råskapen i setesdalsspelet på ein eksepsjonell måte. Litt friheter har me teke oss her og der, men grunnforma har me etter Torleiv H. Bjørgum.

*This tune sums up the rawness of the Setesdal style of playing perfectly. We have taken some liberties here and there, but the basic form comes from Torleiv H. Bjørgum.*

## Moghusfela



Moghusfela uffer og akker seg. Olav er  
dau, og det var han som kunne spele.  
Tarjei må ta over og det fell ikkje i god  
jord.

—  
*The Moghus fiddle huffs and puffs. Olav is  
dead, and he was the one who could play.  
Tarjei must take over but it's not popular*

—  
Hutte meg tu, sa Moghusfela  
Olav æ dau, som kunne spela

Hutte meg tu, sa Moghusfela  
Olav æ dau, må Tarjei spela

## Brureslag frå Herefoss

Brureslåttar går aldri av moten. Heller  
ikkje denne frå Herefoss. Ein klassiskar  
me har etter Øystein Rød i Sørlandets  
spelemannslag.

—  
*Bridal marches never go out of fashion. Nei-  
ther does this one from Herefoss. It's a com-  
plete classic, in the tradition of Øystein Rød  
from Sørlandets Spelemannslag.*

## Gygrestolen

Eit fjell i Bø og ein framifrå springar.  
Denne forma er etter Magne Manheim.


—  
*A mountain in Bø and an excellent springar.  
This version comes from Magne Manheim.*

## Klunkaren

Otto Furholz, ein av hardingfelekongane  
på Agder, spelte inn denne klassikaren  
av ein setesdalsslått, og me fall heilt for  
forma hans.

—  
*Otto Furholz, one of the Hardanger fiddle  
kings from Agder, recorded this classic of a  
tune from Setesdal, and we completely fell in  
love with his version.*





## **Johanne Flottorp**

Hardingfele og vokal



## **Åsmund Løvland Solberg**

Akustisk gitar, elektrisk gitar, pedal steel og vokal



**Mattis Kleppen** - produsent

**Olav Torget** - innspelingsteknikar og lydmiks

**Morten Lund** - master

**Taragot sounds**

**Henriette Berntsen** - grafisk design

**Jon Solberg** - coverfoto og bookletfoto

**Tellef Kvite** - bandfoto

**Sarah-Jane Summers** - engelsk omsetjing

#### Takk til

**Åse** og **Leiv** for elgsuppe og huset i Skogholtveien til innspeling.

**Mattis** og **Olav** for super coaching.

**Taragotgjengen** som hjelper oss og gir oss ut.  
**Onkel Jon** for coverfoto .

**Alle lærarar, inspiratorar, forbilde og heltar**

Plata er gitt ut med støtte frå  
**Aust-Agder fylkeskommune, Norsk kulturråd og Rådet for folkemusikk.**

Booking: [johannefottorp@gmail.com](mailto:johannefottorp@gmail.com)

taragot 23